

**Prosjektnamn**

Ny behandlingslinje for pasientar med hjerneslag

**HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet**

Nevrologisk avdeling, FSS og samarbeidande avdelingar

**Kontaktperson**

Avdelingssjef Stig Erik Hegrestad, Nevrologisk avdeling

**Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt**

Hjerneslag er den tredje hyppigaste dødsårsaka i Noreg og den vanlegaste årsaka til alvorleg funksjonshemming hos vaksne. Både dei menneskelege og dei samfunnsøkonomiske omkostningane av denne sjukdommen er difor svært store.

I Sogn og Fjordane blir om lag 300 personar årleg ramma av hjerneslag og av desse døyr om lag 90 personar. I fylket lever om lag 800 personar som har gjennomgått slag. Risikoen for hjerneslag aukar med alderen og med stadig fleire eldre, vil denne sjukdomsgruppa auke. Akuttbehandling og rehabilitering av pasientar med hjerneslag er difor ei av dei største utfordringane Helse Førde står overfor i dag og i åra som kjem.

I Helse Førde er det utarbeida prosedyrar for akuttbehandling og rehabilitering av pasientar med hjerneslag. Det er ytterlegare behov for prosedyrar for diagnostikk i den prehospitala fasen, betre koordinering og samhandling mellom dei aktuelle avdelingar og yrkesgrupper når pasienten er i akuttmottaket, samarbeid mellom yrkesgrupper når pasienten er på sengepost og smidigare overføring til rehabilitering enten denne skal skje i spesialisthelsetenesta, privat rehabiliteringsinstitusjonar eller i kommunehelsetenesta. Vidare er det behov for å utvikle prosedyrar som sikrar lik praksis for CD-10 koding for denne pasientgruppa i det pasientadministrative system.

**Formål med prosjektet / forbetningsmål**

Sikre ei behandlingslinje bygd på kunnskapsbasert praksis for pasientar med hjerneslag frå den prehospitala fasen, via akuttbehandling og rehabilitering i spesialisthelsetenesta, til rehabilitering i kommunehelsetenesta og / eller private institusjonar.

**Metodisk tilnærming / evaluering av effekt***Datainnsamling*

Vi treng kunnskap om dagens handtering av pasientar med hjerneslag. Gruppa vil difor innhente tilgjengeleg talmateriale om pasientbehandlinga frå sjukehuset sitt pasientadministrative system. Gruppa vil også foreta ein journalgjennomgang av 10-20 pasientar som har kome inn til FSS med hjerneslag for å sjå på tilvisingar og ventetider for behandling og rehabilitering. Vidare vil gruppas erfaringar om opplevde flaskehalsar i behandlingsforløpet vere viktig kunnskap for å identifisere forbetringstiltak.

- Kartlegge og identifisere flaskehalsar og forbetningsområde i dei ulike fasane i behandlingslinja til pasientar med hjerneslag.
- Foreslå nødvendige forbetringstiltak for å sikre god akuttbehandling og rehabilitering.
- Utvikle prosedyrar som sikrar lik praksis for ICD-10 koding for denne pasientgruppa i det

pasientadministrative system.

- Foreslå indikatorar som kontinuerleg kan målast (monitorerast) og såleis dokumentere at tiltaka fører til at vi når forbetningsmålet.
- Syte for og overvake at dei vedtekne tiltakt blir sett i verk og implementert.

**Overføringsverdi / Overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Prosjektet skal sikre einsarta praksis i høve til rask diagnostisering og oppfølging. Dette betyr at prosjektet skal vere styrande for korleis denne pasientgruppa også blir handsama ved lokalsjukehusa. Kunnskapen kan også nyttast av andre helseføretak som ikkje har universitetssjukehus sitt sjukehusområde.